



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	24.04.2026
Møtetid:	11:00 -14:00
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Vebjørn Haugsdal	medlem	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bente Dagny Holmaas Halland	konsulent
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 37/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 38/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 14.04.2026	
PS 39/2026	Årsrekneskap 2025 Masfjorden kommune	
PS 40/2026	Bruk av ordninga rentekompensasjon for skular	
PS 41/2026	Idrettsbane og nærmiljøanlegg ved Sandnes skule	
PS 42/2026	Budsjettrevisjon per april	
PS 43/2026	Referat- og orienteringssaker	
RS 20/2026	Referat fra møte i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd	
RS 21/2026	Vedr. 25-3061-4 - E39 Sognevegen - Matre i Masfjorden kommune Vedtak opphøyd gangfelt	
RS 22/2026	Innspel som mangla i oversikten til formannskapet si handsaming den 14 april 2026	
PS 44/2026	Realitetsbehandling av merknader til samfunnsplanen	

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 24.04.2026 av sak 37/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste

Torill Torsvik Størkersen (A) gjorde framlegg om skriv 3 i sak 43/2026 vart realitetsbehandla i dette møte .

Formannskapet samla seg om å realitetsbehandle innkomne merknader som ikkje var med til saka i sist formannskapsmøte.

Vedtak frå Formannskapet - 24.04.2026 av sak 37/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og sakliste vert godkjent med tilleggssak oppretta i møte - Realitetsbehandling av merknader til samfunnsplanen.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 24.04.2026 av sak 38/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 14.04.2026

Vedtak frå Formannskapet - 24.04.2026 av sak 38/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 14.04.2026:

Møteprotokoll frå formannskapet 14.04.2026 vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 24.04.2026 av sak 39/2026 Årsrekneskap 2025
Masfjorden kommune

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte og svarte på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd kommunestyret.

Tilråding frå Formannskapet - 24.04.2026 av sak 39/2026 Årsrekneskap 2025
Masfjorden kommune:

Tilråding frå formannskapet:

Årsrekneskapen 2025 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 24.04.2026 av sak 40/2026 Bruk av ordninga rentekompensasjon for skular

Oppvekstleiar Wenche Daa møtte og svarte på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd kommunestyret..

Tilråding frå Formannskapet - 24.04.2026 av sak 40/2026 Bruk av ordninga rentekompensasjon for skular:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune vel å søkje rentekompensasjon for desse tiltaka:

1. Innkjøp av utstyr og inventar:

Kjøp av utstyr til undervisning i praktiske fag ut frå behov til den enkelte skule.
Kostnadsestimat: 120 000 kroner fordelt på Sandnes, Matre og Nordbygda skular.

2. Oppgradering av eksisterande læringsarenaer inne:

Oppgradering av skulekjøkken på Sandnes og Matre skular.
Kostnadsestimat: 2 500 000 kroner fordelt på begge skular.

3. Oppgradering av skulen sitt uteareal:

Utearealet på Nordbygda og Matre skule
Kostnadsestimat: 1 600 000 kroner fordelt på begge skular.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 24.04.2026 av sak 41/2026 Idrettsbane og nærmiljøanlegg ved Sandnes skule

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd kommunestyret..

Tilråding frå Formannskapet - 24.04.2026 av sak 41/2026 Idrettsbane og nærmiljøanlegg ved Sandnes skule:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune gjennomfører i 2026 investeringstiltaka idrettsbane- og nærmiljøanlegg v/Sandnes skule i samarbeid med fleire lag, til ein bruttokostnad på 8,4 mill.kr., finansiert med;

- 3,2 mil.kr. i spelemidlar,
- 1,7 mill.kr. i mva. kompensasjon
- og at ein bruker fond med 3,5 mill.kr.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 24.04.2026 av sak 42/2026 Budsjettrevisjon per april
Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vert samrøystes tilrådd kommunestyret med oppmodning om å sette av midlar til asfaltering i samband med kommunestyrebehandlinga.

Tilråding frå Formannskapet - 24.04.2026 av sak 42/2026 Budsjettrevisjon per april:

Tilråding frå formannskapet:

Driftsbudsjett 2026 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2026 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 24.04.2026 av sak 43/2026 Referat- og orienteringssaker

Referatsaker :

- Referat frå møte i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd
- Vedr. 25-3061-4- E39 Sognevegen- Matre i Masfjorden kommune Vedtak opphøyd gangfelt
- Innspel som mangla i oversikten til formannskapet si handsaming den 14 april 2026
- Epost frå NGIR ved Henrik Kjøpstad som gjeld innkreving(utdelt i møte)
 - Formannskapet samla seg om å halde fram med den praksisen som er i dag.

Orienteringar frå ordførar:

- Ordførar gjorde framlegg om et ekstra formannskapsmøte 07.05.26
- Ordførar gjorde framlegg om ekstra kommunestyremøte 30.06.26 kl.11.00

Orienteringar frå rådmann :

- Status om brannstasjon på Matre.

Vedtak frå Formannskapet - 24.04.2026 av sak 43/2026 Referat- og orienteringssaker:

Referat -og orienteringssaker vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 24.04.2026 av sak 44/2026 Realitetsbehandling av merknader til samfunnsplanen

Protokolltilførsel frå formannskapet:

- Formannskapet viser til pågåande forhandlingar om ordlyden knytt til vindkraft i samfunnsdelen, og vil avvente resultatet av desse fram til saka vert handsama i kommunestyret 30.04.26

Vebjørn Haugsdal (H) sette fram fylgjande framlegg til nytt punkt under 5.2.1

- Satse på helsebringande tiltak ved å vidareutvikle bassengtilbodet med terapibad og badstove.

Ørjan Daae (Frp) sette fram fylgjande endringsforslag i punkt 5.2.2 i 5. avsnitt :

- Masfjorden har noko fiskeoppdrett i sjø. Fokus på god fiskehelse og løysingar som reduserer fiskelus, rømming og forureining i fjorden, gjer at dette er ei næring som kan ha gode vilkår for vekst i Masfjorden.

Framlegg til vedtak frå H og Frp var samrøystes tilråding til kommunestyret..

Tilråding frå Formannskapet - 24.04.2026 av sak 44/2026 Realitetsbehandling av merknader til samfunnsplanen:

Tilråding frå formannskapet:

Nytt punkt under 5.2.1

- Satse på helsebringande tiltak ved å vidareutvikle bassengtilbodet med terapibad og badstove.

Endring i punkt 5.2.2 i 5. avsnitt :

- Masfjorden har noko fiskeoppdrett i sjø. Fokus på god fiskehelse og løysingar som reduserer fiskelus, rømming og forureining i fjorden, gjer at dette er ei næring som kan ha gode vilkår for vekst i Masfjorden.